

Delta i debatten,
skriv til oss!

Send ditt innlegg til
debatt@nationen.no.
Innlegg kan også sendes pr. post til

Nasjonen, Postboks 9390 Grønland, 0135
Oslo. Mer konvolutt «debatt». Innlegg
som sendes elektronisk blir prioritert.

Kronikk: Max 5000 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Max 2500 tegn med mel-
lomrom. Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til
å forkorte innsendt stoff og til å publi-
sere det elektronisk.

KRONIKK



Utfart: Nordmenn valfartar til Sverige for å handle. Men grensevern er ikkje noko særnorsk fenomen.

FOTO: SCANPIX

Er grensevern særnorsk?

I debatten kring internasjonalt handel og grensevern kan ein lett få inntrykk av at EU står fram som den liberale handelsblokka, medan vi «norr-baggare» står som forsvarar av proteksjonisme og tollvern. Særskilt er dette eit inntrykk som festar seg når EU ambassadøren i Noreg, Percy Westerlund, kommenterar dei bilaterale forhandlingane mellom EU og Noreg. Gjennom EØS-avtala fell grensevernet for industri vekk. Det vil seie at i handelsrelasjonane mellom Noreg og EU møter foretak frå EU eit norsk grensevern berre på landbruksvarer. Medan norske foretak møter grensevernet til EU både på landbruk og fisk.

Internasjonal handel omfattar likevel meir enn EØS. Og i eit globalt perspektiv vert skilnadane mellom handelsregima til EU og Noreg tydelege. Det norske handelsregimet er langt meir ope mot omverda enn tilfellet er for Unionen. Marknadstilgangen for dei 122 WTO-medlemmane utanfor EØS kan illustrere dette. Ut frå talet på varelinjene, definert i HS-standarden på seks siffer, praktiserer EU i følgje WTO tollfri marknadstilgang for 31 prosent av varelinjene dersom

GRENSEVERN

«Det norske handelsregimet er langt meir ope mot omverda enn tilfellet er for EU»

ein ser på «alle produkt». Tilsvarende for Noreg er 88 prosent.

Ser ein på landbruksvarer for seg sjølv, viser tollprofilane at både Noreg og EU nyttar toll på over halvparten av varelinjene. Inn til EU er 30 prosent av varelinjene tollfrie for medlemslanda i WTO, medan 46 prosent av varelinjene for landbruksvarer er tollfrie inn til Noreg. Likevel er det på industrivarer den store skilnaden på tollprofilane til EU og Noreg kjem fram. Medan EU gir tollfri marknadstilgang på berre 31 prosent av varelinjene, har Noreg gitt tollfri marknadstilgang på heile 94 prosent.

Det er sjølvsagt fleire handelshindringar som kan nyttast enn grensevern. For vareflyten er likevel tollvernet ein av dei meir effektive mekanismene. Bruk av tollvernet er også eit virkemiddel som er legetimt innanfor regelverket i WTO.

Talet på varelinjer med toll fortel rett nok ikkje noko om kor høg tollsatsen er. Samstundes er det eigentleg likegyldig om tollsatsen er 5 eller 50 prosent all den tid tollsatsen sikrar at den som nyttar tollvernet oppnår det grensevernet ein søker å nå. Difor kan 10 prosent toll på ein biff eller ein komfyr vere like effektivt for ein stat, som 40 prosent er for ein annan.

Det vert sjeldan poengtert at prisnivået er avgjerande for om ein tollsats er effektiv eller ikkje. Til tider vert dette framstilt som uvesentleg. Tydelegvis er det langt meir dramatisk å dra fram ei

tollinje med 200 prosent toll. Percy Westerlund, vel å gjere dette når han kommenterer skilnadane på tollprofilane til EU og Noreg (Nasjonen 21/2 -2009) med å referere til bananar og sukker:

Westerlund seier at det å vise til at EU har toll på 70 prosent av varelinjene, medan Noreg har toll på 54 prosent av varelinjene «...blir totalt misvisande». Vidare legg han til: «Det som betyr noko er kor høg tollvernet er. For alle landbruksvarer har EU i gjennomsnitt 15 prosent toll. Noreg har tilsvarende 57,8 prosent toll, for alt sett under eitt. Forskaren Tufte legg i staden vekt på at Noreg ikkje har toll på varelinjer som bananar, appelsinar og sukker. Det blir for meg litt spesielt.»

Typisk nok nemner ikkje Westerlund grensevernet på industrivarer i det heile.

Sjølvsagt har EU som ein av verdas største økonomiar langt fleire produksjonar enn Noreg. Det tilseier også at det er fleire produkt og produksjonar som ikkje har internasjonal konkurransekraft. Difor har EU behov for å verne fleire varelinjer mot internasjonal konkurranse enn tilfellet er for Noreg. Uansett har EU, som Noreg, full rett til å nytte det grensevernet dei ynskjer mot omverda ut frå rammene definert i WTO. Difor bør det verte respektert at norsk landbruk er avhengig av eit aktivt grensevern dersom produksjonsomfanget skal oppretthaldast. Norsk grensevern på landbruksvarer har akkurat lik vernefunksjon mot landbruksvarer frå EU som grensevernet til EU har mot landbruksvarer

frå Brasil. Det avstår EU-ambassadøren i Noreg klokleg å kommentere.

Eigne handelsinteresser står særstarkt i politikken til EU. Unionen nyttar eit aktivt grensevern på dei fleste sektorar og krev vanlegvis gjensidig marknadsoverføring framfor å gi preferansar eller tollfriheit på import. Handelspolitikken til EU har som hovudmål å sikre egne foretak betre marknadstilgang, samstundes som Unionen vernar dei fleste sektorar og produksjonar i større eller mindre grad frå utlandsk konkurranse ved hjelp av eit aktivt grensevern. EU er langt meir restriktive med å gi tredjelands tollfri tilgang til heimemarknaden enn det Noreg er. Handelsregimet til EU tufta på gjennomgåande bruk av toll, der grensevernet både skal skjerme konkurranseutsette næringer og gi inntekter til EU-budsjettet.

Når det gjeld landbruk er det grunn til å tru at EU prioriterer eksportinteressene langt sterkare enn Noreg. Truleg er det mest dette som vert reflektert i dei omfattande krava i Artikkel 19-forhandlingane. Og strengt tatt er vel svensk landbruk si internasjonal konkurransekraft så svak at det omtrent berre er i den norske marknaden dei kan konkurrere? Mogleg det er difor svenskane, med Westerlund i spissen, ivrar så sterkt for redusert norsk grensevern.

Torbjørn Tufte

er statsvitar ved Landbrukets Utredningskontor

* UTDANNING

Enhetskolen har spilt fallitt

Ikke før har vi kommet oss etter gledes-sjokket hvor faktisk hele 86 prosent av SVs velgere er for NATO og forsvar, så har undervisningsminister Solhjell endelig oppdaget at norske skole faktisk også er beriket med evnesterke elever.

Velkommen etter sier vi, det har vi faktisk visst noen tiår siden vi selv gikk på skolen. Det er faktisk også oppdaget at de skoleflinke har vært daukjørt i tiår og at det nå skal «tas grep». Aller best er det om elevene blir grovdelt i grupper etter kunnskapsnivå slik at de svakest henger med og at de flinkeste får nødvendige utfordringer. Læreren vil jo til en hver tid befinne seg i utakt med flere elever dersom klassen er kunnskapsmessig blandet.

Vi skal vedde hva som helst på at dersom en hver norsk elev ble undervist nær eller på sitt kunnskapsnivå, ville vi nådd fantastiske resultater og faktisk kutte ned antall skoleår og spare milliarder.

FALLITT

«Det må ha kostet Solhjell enormt å innrømme at sosialistenes enhetsskole har spilt fallitt»

Selv Jens Stoltenberg presterer å rote seg bort i en skole hvor elevene til tross for forskjellige evner og interesser skal bli like.

Hvem husker ikke Stoltenbergs utsagn om at det er viktig at «montøringen gikk i samme klasse som direktøringen»? Vi tror elever og foreldre gir blanke i Stoltenberg og vil ha en trivsels, kunnskapsutviklende og differensiert skole som oppnår resultater og erkjenner at vi mennesker heldigvis er forskjellige.

Det må ha kostet Solhjell enormt å innrømme at sosialistenes enhetsskole har spilt fallitt når ideologien må skrotes. SVs parole om «Forskjellige mennesker like muligheter» kan jo regelrett mistolkes og det er vel bedre med: «Forskjellige mennesker krever differensierte muligheter».

Vi er fortsatt undrende til at SV-ledelsen først i disse dager syntes å gjennomgå en tankemessig helomvending og spør oss selv hvorfor det har tatt tiår for å se lyset?

Knut Rellsom,
Sofiemyr.